

Fylkesstyret si årsmelding 2020

Årsmeldinga følgjer årsmøteperioden frå årsmøtet 15. -16. februar 2020 til 13. februar 2021.

Del A: Gjennomføring av arbeidsplanen

Arbeidsplanen har vore det sentrale styringsdokumentet gjennom året. Både fylkesstyret og representantskapet har hatt gjennomføring av arbeidsplanen som sak på dei fleste møta, og vurdert korleis dei ulike tiltaka skal følgast opp.

2020 var både ikkjevalår og koronaår. Trass i dette har me hatt medlemsvekst. Og sjølv om det vart heilt andre vilkår for organisasjonsarbeid enn me såg for oss, har me gjennomført det meste i arbeidsplanen.

Rogaland SV har halde fram med eit høgare aktivitetsnivå enn det som var normalen nokre år tilbake. I 2020 arrangerte me eit dagens fylkesårsmøte i februar, ein lokallagskonferanse i april/mai, ei folkevaldsamling i september og haustkonferanse med nominasjonsmøte i oktober/november, i tillegg til representantskapsmøta.

Dei overordna måla for Rogaland SV for 2020-2024 er å:

- vera eit folkeparti med høg oppslutning i heile fylket og i breie lag av folket, vera ein naturleg alliert for folk som engasjerer seg i lokalsamfunna sine og ha eit tett samarbeid med fagrørsla og interesseorganisasjonar.
- ha 20 lokallag og eit studentlag. **Status i 2020: 17 lokallag**
- ha 1400 medlemmer i 2024. **Resultat i 2020: 933 medlemmer.**
- ha vidare framgang ved stortingsvalet i 2021 og lokalvalet i 2023.
- stilla lister i 20 kommunar i 2023, og ha folkevalde i desse kommunane etter valet.

1. Politisk strategi

Det politiske arbeidet i 2020 har i første rekke vore knytt til politikktutvikling fram mot landsmøtet i 2021. Fylkesleiar Ingrid Fiskaa har vore medlem av den sentrale programkomiteen som la fram forslaget til nytt arbeidsprogram i november. Programarbeidet og særleg satsinga *Grøn ny deal* har vore tema på fleire fylkesstyremøte og eit representantskapsmøte.

Ein sentral del av den politiske strategien er å støtta opp om folkelege mobiliseringar og engasjement rundt om i fylket. Dette var tema på lokallagskonferansen. Rogaland SV har også støtta opp om vindkraftmotstanden ulike stader i fylket.

Det **utoverretta** politiske arbeidet har skjedd gjennom lesarinnlegg og bruk av sosiale medium. Me har mellom anna brukt fråsegnene frå årsmøtet og politiske merkedagar til å få på trykk lesarinnlegg i regional- og lokalaviser. Lokallaga har stått for sjølve markeringane på kvinnedagen 8. mars, arbeidardagen 1. mai og miljødagen 5. juni. Facebook har vore den mest brukte plattformen for å nå ut med politikken vår. For tida har me litt over 1700 som likar

sida vår der. Rogaland SV har også ein instagramkonto. Twitter har ikkje vore prioritert, men me har ein konto der og. Fylkesleiar Ingrid Fiskaa skriv fast i Klassekampen.

På tre av **representantskapsmøta** har me hatt politiske innleiingar. I mai var temaet klasseanalyse, i november var det FNs sikkerheitsråd og i januar var datasenter tema.

Tettare samarbeid med **fagrørsla og andre organisasjonar som står oss nær** har vore prioritert også i 2020, men dei fleste konferansane og møta me vanlegvis ville deltatt på vart avlyst på grunn av pandemien. Rogaland SV har ein samarbeidsavtale med Fagforbundet Rogaland. I august hadde me eit møte med Fellesforbundet i Rogaland.

Diskusjonen om ein **sosialisme på rogalandsk** vart lansert i 2018. Tanken er å ta tak i dei sidene ved rogalandsk næringsstruktur og identitet som i dag kan oppfattast som hindringar for tilslutning til venstresida sine idear, og finna ut kva ved desse strukturane som utgjer eit potensiale for vekst. Denne tankegangen ligg til grunn for engasjementet i SVs *Grøn ny deal*, som i stor grad handlar om korleis me kan bygga bru mellom industri- og miljøinteresser. Det pregar også forslaget til valkampstrategi for 2021.

2. Organisatorisk strategi

Rogaland SV har halde organisasjonen ved like i eit krevjande år. Me seier oss fornøgde med å ha medlemsvekst, og me har hatt jamleg kontakt med lokallaga.

Rogaland SV har hatt ein **medlemsvekst** på 6 medlemmer i 2020, og hadde 933 betalande medlemmer ved årsskiftet. Dette er færre enn målet i arbeidsplanen, men likevel eit heilt akseptabelt resultat gitt at ein del organisasjonsarbeid gjekk i dvale dette året. Me hadde ein liten vervekkampanje på sosiale medium på slutten av året, men har elles ikkje drive ein aktiv verveinnsats frå fylkeslaget si side. Me har lagt større vekt på at alle nye medlemmer skal bli tatt godt imot og kontakta kort tid etter innmelding. Medlemsoppfølging var tema på lokallagskonferansen, og fylkesleiar har sendt e-post til alle nye medlemmer. Me har også gjort ein god innsats på hausten med å ringa medlemmer som ikkje hadde betalt kontingenten. Lokallaga starta arbeidet, og fylkesstyret fordelte dei resterande mellom seg. Færre enn 30 medlemmer vart meldt ut ved årsskiftet på grunn av manglande betaling.

Fylkesstyret har arbeidd systematisk med å følga opp **lokallaga**, og med å forbetra kommunikasjon og erfaringsutveksling mellom dei ulike delane av organisasjonen. Organisasjonsbygging har vore fast sak på alle representantskaps- og fylkesstyremøte. Fylkesstyrets medlemmer har fordelt ansvaret for lokallaga mellom seg, og har hatt jamleg kontakt med desse. På kvart fylkesstyremøte har dei ansvarlege lokallagskontaktane rapportert om tilstanden i laga «sine». Fylkesstyret har også diskutert planar for å starta eit studentlag ved UiS, men mykje på grunn av pandemien har det vore vanskeleg å gjennomføra.

Lokallagskonferansen måtte leggast om frå ein fysisk helgekonferanse til eit digitalt arrangement, fordelt over ein laurdag og tre kvardagskveldar etter det. Målgruppa for konferansen var styremedlemmer i lokallaga, og 16 av 17 lokallag deltok på heile eller delar av konferansen.

I løpet av året har me styrka samarbeidet mellom dei **folkevalde** på fylket og i kommunane. Me har ei e-postliste og ei facebook-gruppe for dei folkevalde. I september arrangerte me ei folkevaldsamling i Stavanger. Det har også vore to digitale kveldssamlingar. Alle nye gruppeleiarar som ønskte det har hatt erfarne folkevalde som fadrar. Me har ikkje prioritert å få på plass ein folkevaldkoordinator.

Storingsrepresentant Solfrid Lerbrekk har besøkt ulike stader i fylket, delvis i regi av fylkeslaget. Reiseverksemda har vore mindre enn planlagt. I staden arrangerte Rogaland eit opent nettmøte med Solfrid i juni, der alle medlemmer i fylket var invitert.

Nominasjonsprosessen har vore tema i fylkesstyret og representantskapet fleire gonger, både for å orientera om fristar og framgangsmåtar, og for å vurdere alternative prosessar dersom smittesituasjonen skulle tilseia det. Nominasjonskomiteen sende ut eit førebels forslag på høyring i september, og den endelege innstillinga 1. oktober.

I månadsskiftet oktober/november arrangerte me **haustkonferanse** med nominasjonsmøte på Universitetet i Stavanger. På det politiske programmet hadde me begge nestleiarane i SV, Torgeir Knag Fylkesnes og Kirsti Bergstø. Dei innleia om Grøn ny deal og om programarbeidet. Nominasjonsmøtet vedtok deretter lista til stortingsvalet.

Rogaland SV har styrka **økonomien** i løpet av 2020. Samtidig som utgiftene har vore mindre på grunn av færre fysiske møte, har me også hatt god økonomistyring, og kjem ut med eit sterkare resultat enn budsjettert. Inntektssida er dominert av den offentlege støtta, og det var eit mål i arbeidsplanen å auka dei eigne inntektene ved å få fleire til å bli faste givarar. Dette har me ikkje prioritert å jobba med i året som gjekk.

Me har hatt noko samarbeid med **Rogaland SU** i perioden, og særleg gjennom at SU har møtt i dei ulike organa i SV.

Del B: Faktadel

1. Årsmøtet 2020

Rogaland SVs årsmøte for 2020 blei arrangert på Folkets hus i Sauda 15. -16. februar 2020.

Innleiarar var partileiar Audun Lysbakken og Atle Forfang Rostad, Fellesforbundet og Industriaksjonen.

69 delegatar frå 14 lokallag, SU og fylkesstyret deltok. I tillegg deltok fleire observatørar og gjestar.

Årsmøtet godkjende årsmeldingar og rekneskap, vedtok vedtektsendringar, arbeidsplan, budsjett og retningslinjer for nominasjonsprosessen, og valde tillitsvalde.

Årsmøtet vedtok også 13 fråsegner: 1) Stopp utsendelsen av Nour Bitar, 2) Norge må evakuere enslige mindreårige flyktninger fra Hellas, 3) Forsvar naturen – nei til vindkraft på land, 4) Nedrusting, ikke nye våpenkappløp, 5) Rogaland fylke må overta Ålgårdbanen, 6) Bedre tilrettelegging for sykkel, 7) Rogaland SV vil ha lyntog over Haukeli, 8) Vi trenger en

nullvisjon for avfall, 9) Belønningsmidler må brukes for best effekt, 10) Energifylket Rogaland må satse på solenergi, 11) Leve insektene, 12) Skattlegging av vannkraftverk og 13) Cruisetraffikk i Rogaland.

2. Lokallagskonferanse

Konferansen var digital og delt i fire delar: laurdag 18. april og dei tre følgjande onsdagane. Rett over 20 personar deltok på dei tre første delane og 13 på den siste. Alle lokallag unntatt Sauda SV var representert. Dei fire delane av konferansen var:

Del 1: Å vera tillitsvald. Mediearbeid og sosiale medium.

Del 2: Politisk arbeid i lokallaga. Praktisk organisasjonsarbeid del 1.

Del 3: Ein inkluderande organisasjon. Praktisk organisasjonsarbeid del 2.

Del 4: Grøn industriutvikling. Valkampen 2021.

3. Folkevaldsamling

Folkevaldsamlinga var 26. september på Midjord bydelshus i Stavanger. 18 folkevalde frå 9 kommunar og fylket deltok. Varaordførar i Sogndal Vibeke Johnsen var hovudinnleiar, og elles var det våre eigne folk som innleia.

4. Haustkonferanse og nominasjonsmøte

Konferansen var på Universitetet i Stavanger 31. oktober og 1. november. 63 delegatar med røysterett på nominasjonsmøtet og 9 andre deltok. Hovudinnleiarar var nestleiarane i SV, Torgeir Knag Fylkesnes og Kirsti Bergstø.

5. Representantskapet

I perioden har representantskapet bestått av fylkesstyret og desse representantane frå lokallaga:

Eigersund SV: Martin Liland, med Joakim Ramsland som vara

Hå SV: Øyvind Kvitvær Leidland, med Bente Iversen som vara

Time SV: Annie Prestegård, med Beate Aasen Bøe som vara

Klepp SV: Kolbjørn Sandve, med lokallagsstyret som vara

Gjesdal SV: Lars Helge Strand, med Kaia Malmei som vara

Sandnes SV: Eva-Tone Breivik, med lokallagsstyret som vara

Stavanger SV: Eirik Faret Sakariassen, med Olaug Høgetveit og Magne Christensen som vara

Sola SV: Bettina Lindgren, med Espen Watne og Irmelin Sangolt Tjelflaat som vara

Randaberg SV: Linn Eng, med Lisa Evensen som vara

Strand SV: Anniken Heimdal Tjøstheim, med Jan Erik Bratteli som vara

Hjelmeland SV: Silje Sværen, med Egil Ulvestad som vara

Suldal SV: Tone Mari Sand, med Tormod Skeie som vara

Vindafjord SV: Guri Ravatn, med Silje Birkeland og Bente Kleppe som vara

Tysvær SV: Målfrid Tjoland Kolnes

Haugesund SV: Britt-Mona Vang, med Lene Sæther som vara

Karmøy SV: Monika Kvilhaugsvik, med Hilde Slotnes og John Ferkingstad som vara

Storingsrepresentant Solfrid Lerbrekk har også møtt.

Representantskapet har hatt fire møte i årsmøteperioden og behandla 29 saker (før møtet 12. februar).

Representantskapet vedtok denne fråsegna på møtet i mars: Gje barn og unge ein «raud knapp».

6. Fylkesstyret

Fylkesstyret har i perioden bestått av:

Ingrid Fiskaa, leiar
Jon Salthe, nestleiar.
Gerardo Osorio Diaz, kasserar
Anette Opheim, styremedlem
Lise Langåker, styremedlem
Jeanette Lea Romslo, styremedlem
Ronald Velasco, SU
Joakim Ramsland, 1. vara
Edle Songe-Møller, 2. vara.
Ragna Meland, 3. vara.

Heidi Bjerga har møtt som gruppeleiar på fylkestinget.

Fylkesstyret har hatt ti møte i årsmøteperioden og behandla 75 saker.

7. Komitear og utval

Kontaktpersonar i RSV for dei sentrale utvala (oppnemnde av representantskapet i mars):

Internasjonal kontakt: Gerardo Osorio Diaz, Sandnes SV og fylkesstyret
Kvinnepolitisk leiar: Lise Langåker, Haugesund SV og fylkesstyret
Miljøpolitisk kontakt: Heidi Bjerga, Sandnes SV
Fagleg kontakt: Anniken Heimdal Tjøstheim, Strand SV
Inkluderingskontakt: Bettina Lindgren, Sola SV
EU/EØS-kontakt: Espen Watne, Sola SV

Nominasjonsnemnda

Irmelin Sangolt Tjelflaat, Sola SV (leiar)
Jan Refsnes, Sandnes SV
Ivar Teigland, Haugesund SV
Jone Hagalid, Hjelmeland SV
Ingrid Kristine Aspli, Stavanger SV

Selma Omdal, SU
Anette Opheim, fylkesstyret

Valnemnda

Ingrid Kristine Aspli, Stavanger SV (leiar)
Eva-Tone Breivik, Sandnes SV
Monika Kvilhaugsvik, Karmøy SV
Jan Erik Bratteli, Strand SV
Siv Oltedal, Klepp SV

Lene Christensen, SU

Revisor

Krohn Regnskap ARF

Fylkessekretær

Olav Oaland Rawcliffe har vore tilsett i 80% stilling fram til 1. mars. Etter årsmøtet vart stillinga auka til 100%.

8. Sentrale verv

Landsstyret

Ingrid Fiskaa, landsstyrerepresentant
Jon Salthe, 1. vara
Anette Opheim, 2. vara
Jeanette Lea Romslo, 3. vara

Eirik Faret Sakariassen, vara til sentralstyret

Sentrale utval

Ingrid Fiskaa, medlem av internasjonalt utval og arbeidsprogramkomiteen.

9. Medlemmer og lokallag

Lokallag	Medlemmer 31.12.19	Endring	Medlemmer 31.12.20
Eigersund	36	1	37
Gjesdal	19	0	19
Haugesund	83	7	90
Hjelmeland	12	-1	11
Hå	25	-5	20
Karmøy	61	2	63
Klepp	26	3	29
Randaberg	13	3	16
Sandnes	124	1	125
Sauda	21	0	21
Sola	31	2	33
Stavanger	324	-11	313
Strand	22	-1	21
Suldal	19	2	21
Time	59	7	66
Tysvær	24	2	26
Vindafjord	25	-5	20
Direktemedlemmer	3	-1	2
Rogaland	927	6	933